



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Innovasjon Noreg
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/1347-

22.2.2018

Oppdragsbrev til Innovasjon Noreg 2018

Vi syner til budsjettforslag for 2018 i Prop. 1 S (2017-2018) for Landbruks- og matdepartementet, Innst. 8 S (2017-2018) og Stortinget si handsaming av statsbudsjettet for 2018 av 11. desember 2017. Departementet kunngjer gjennom dette brevet dei styringssignala og løyvingane som gjeld for Landbruks- og matdepartementet (LMD) sitt oppdrag til Innovasjon Noreg (IN) i 2018.

1. OVERSIKT OVER LØYVINGAR STILT TIL DISPOSISJON FOR 2018

For 2018 stiller departementet gjennom statsbudsjettet følgjande midlar til disposisjon for IN:

Kapittel og post	Ordning	Beløp mill. kr
1137.71	Løyving til Bioøkonomiordninga	2,83
1149.75	Tilskudd til investeringsstøtte for landbruket	75,00
1150.50	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket	66,00
1150.50	Investering og bedriftsutvikling i landbruket	634,50
1150.50/1151.51 ¹⁾	Utviklingsprogrammet	110,70
SUM		889,03

1) 8,2 mill. kroner er løyvd over kapittel 1151, post 51 og er øymerka den reindriftsbaserte delen av Utviklingsprogrammet.

Oversikta inkluderer òg midlar til administrasjons- og gjennomføringskostnader knytt til ordningane. Særskilt omtale av dette står under punkt 6.

2. MÅL FOR IN OG ANDRE FELLESFØRINGAR

Vi syner til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) for 2018 for fellesføringar og omtale av IN sin målstruktur.

3. PRIORITERINGAR I OPPDRAGET FRÅ LMD

Av Prop. 1 S (2017-2018) går det fram at dei overordna måla for landbruks- og matpolitikken er matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Auka innovasjonstakt i landbruket og i den tilhøyrande industrien er sentralt for å nå desse måla. Regjeringa har lagt fram ei rekkje meldingar til Stortinget på landbruks- og matområdet, samt fleire strategiar som er sentrale for IN si oppfølging av landbruksoppdraget.

Opplevingar for ein kvar smak - strategi for reiseliv basert på landbrukets og reindrifts ressursar, er ei oppfølging av Meld. St. 31 (2014-2015) og legg føringar for IN sin innsats med å fremje ei positiv utvikling for mat- og reiselivsverksemd. Strategien blir følgd opp gjennom det nasjonale utviklingsarbeidet både med Matnasjonen Noreg og utvikling av unike opplevingar som kan gjere Noreg til eit attraktivt reisemål. LMD samarbeider med Kulturdepartementet og NFD om sterkare integrering av kultur, mat og landbruk i reiselivet.

Landbruket rår over eit betydeleg ressursgrunnlag. Optimal utnytting av desse omfattande biologiske ressursane vil vere sentralt både for å ta ut potensialet i eksisterande næringer, og som grunnlag for innovasjonar og ny næringsverksemd. Ei heilskapleg tilnærming til bioøkonomien skal bidra til å løyse samfunnsutfordringar knytt til område som matsikkerheit, klima, miljø, energi og ressurstilgang. Innsatsen, som skal sjåast i samanheng med regjeringa sin bioøkonomistategi *Kjente ressursar – uante muligheter*, skal gi prioritet til tiltak som kan ha ein nasjonal effekt både på verdiskaping og sysselsetting, reduserte klimagassutslepp og meir effektiv og berekraftig ressursutnytting. Oppdragsbrevet frå NFD gir elles nærmare føringar for IN sin innsats på området.

IN sine delmål om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. I det enkelte oppdrag vil vektinga av dei tre delmåla variere.

Departementet forventar elles at IN orienterar seg i relevante dokument, proposisjonar og meldingar med tilhøyrande komitèinnstillingar på landbruks- og matområdet i selskapet sitt arbeid med landbruksbasert næringsutvikling.

4. NÆRMARE OM DEI ENKELTE ORDNINGANE

Bioøkonomiordninga

Bioøkonomiordninga skal legge grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane, av dette innovativ bruk av tre. Det er løyvd 2,832 mill. kroner til ordninga over LMD sitt budsjettkapittel 1137 post 71, i tillegg til midlane over NFD sitt budsjettkapittel 2421, post 50.

LMD ber IN om å involvere departementet i det vidare arbeidet med ordninga. Vi syner elles til omtale av ordninga i oppdragsbrev frå NFD.

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket

Det er for 2018 avsett 67 mill. kroner til Programmet for fornybar energi over kapittel 1150, post 50. Av løyvinga skal 1 mill. kroner gå til Norsk Gartnerforbund si satsing på klimavennleg produksjon. IN blir soleis tildelt 66 mill. kroner til forvaltning av programmet, og hovudtynga av innsatsen på dette området bør bli prioritert opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter.

LMD legg til grunn at programmet blir vidareført med basis i dei same hovudmåla som for 2017, irekna vektlegging av klima- og energigevinstar, og dei justeringane som ble gjort i retningslinene seint i 2017.

Biogassprosjekt skal vurderast med utgangspunkt i dei vanlege energi- og lønnseskriteria. Utover dette skal IN også legge vekt på heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta. LMD legg til grunn at IN sikrar samordning mot ENOVA når det gjeld støtte til bioenergi og annan fornybar energi, samt utnyttar kompetansen og nettverket til fylkesmennene og fylkeskommunane for å sikre ei koordinert fornybarsatsing under dei regionale næringsprogramma. IN bør legge vekt på å sikre tilfredsstillande aktivitet i alle fylke.

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar)

Tilgang på investeringsverkemidlar er ein viktig føresetnad for fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midla skal bidra til utvikling både innanfor det tradisjonelle landbruket og andre landbruksbaserte næringar.

Det er løyvd 634,5 mill. kroner over kapittel 1150 post 50 til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2018. IN bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin innanfor IBU-midla opp mot selskapet sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter. Det er gitt følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar for 2018:

- Innanfor investeringsverkemidla som går til mjølkebruk er det spesielt behov for å prioritere fornying av driftseiningar som i dag har ein storleik på mellom 15-30 årskyr i mjølkeproduksjonen.

- Maksimal prosentsats for investering i produksjonsanlegg blir heva frå 33 pst. til 35 pst. av kostnadsoverslaget for investeringa.
- Øvre grense for tilskott er 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for prosjekt i Troms og Finnmark.
- Støtte til investeringsprosjekt som vil medføre auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- Lønnsemdsvurdering av prosjekta skal ligge til grunn for tildeling av midlar.
- Ulike eigarformer skal likestillast ved prioritering mellom søknader.
- Det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd, irekna kravet om lausdriftsfjøs, og behov for fornying av driftsapparatet ved søknadshandsaming.
- Innan saueproduksjon skal det prioriterast støtte til økologiske saueprodusentar som må foreta større investeringar pga. endra krav til liggeareal som følgje av implementeringa av EU sitt økologiregelverk frå mars 2017.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast, t.d. ved bruk av tre som byggemateriale.
- Ved søknader som omfattar utbygging av gjødsellager skal tiltak som bidreg til reduserte utslepp prioriterast, t.d. gjødsellager med overdekke eller 10-12 månaders lagringskapasitet.
- Frå 2018 skal den regionale partnerskapen sine strategiske føringar avgrensast til prioritering mellom ulike produksjonar i den enkelte region. Det er òg høve til å gjere prioriteringar mellom ulike områder i regionen. Faglaga inngår i dei regionale partnerskapa.
- IN kan gi ekstra investeringstilskott på inntil 500 000 kroner til geitemjølkkvoter som omstiller til annan produksjon og som sel heile kvota gjennom oppkjøpsordninga for geitemjølkkvoter. Dette tilskottet kjem i tillegg til eventuell ordinær IBU-støtte. Lønnsemdsvurderingar må liggje til grunn for tildeling av støtte til ny produksjon. Moglegheita for å søke om ekstra investeringstilskott gjeld t.o.m. 2020. Søknadane må fremjast i samband med dei ordinære søknadsomgongane i fylka.
- Det kan bli gitt inntil 100 mill. kroner i risikolån. Tapsavsetning skjer innanfor ramma av dei fylkesvise IBU-midlane.

Når det gjeld føringar for bruk av investeringsverkemidlar knytt til pelsdyrnæringa vil departementet komme tilbake til dette. Som det går fram av Politisk plattform for en regjering utgått av Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, har regjeringa som ambisjon å gjennomføre ei styrt avvikling av pelsdyrnæringa. IN bør avvete tildeling av investeringsstøtte til det ligg føre nærare avklaringar frå departementet.

Regionalt næringsprogram utarbeidd av fylkesmannen i samarbeid med IN, fylkeskommunen, næringa mfl., legg strategiske føringar for bruken av midla regionalt.

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket skal leggst til grunn for forvaltninga av midla. Vi legg elles til grunn at det framleis er mogleg å gje støtte til bedriftsretta fellesskapsprosjekt over desse midla. Vi ber om at det blir gjort ei god avklaring mellom IN og fylkesmannen når det gjeld type prosjekt som blir støtta av dei ulike aktørane.

Fordelingsnøkkelen for 2017 for fordeling av midlar mellom fylka er vidareført også i 2018:

Fylke	Løyving mill. kroner
Østfold	22,47
Akershus	19,92
Hedmark	41,80
Oppland	48,30
Buskerud	26,63
Vestfold	17,84
Telemark	21,99
Aust-Agder	16,44
Vest-Agder	19,13
Rogaland	47,32
Hordaland	35,73
Sogn og Fjordane	47,32
Møre og Romsdal	43,54
Trøndelag	92,48
Nordland	42,26
Troms	28,54
Finnmark	19,76
SUM¹⁾	591,47

1) Totalsum ekskl. avsetning til administrasjons- og gjennomføringskostnader på 42,61 mill. kroner, samt 0,42 mill. kroner til dekking av kundeeffektundersøkinga jf. pkt. 6.

Enkelte fylke opplever mellom år større pågang etter investeringsverkemidler enn andre. LMD vil ved behov foreta ei omfordeling av unytta rammer i løpet av 2018. Ein legg opp til at dette skal skje med bakgrunn i innspel frå IN.

IN har ansvaret for kåringa av årets bedriftsutviklar i landbruket (bedriftsutviklingsprisen), og kan nytte IBU-midler til dette tiltaket etter nærmare dialog med departementet.

Tilskot til investeringsstøtte for landbruket

I samband med Stortinget si handsaming av budsjettet for 2018 blei det løyvd 75 mill. kroner som ei eingongsløyving til investeringsstøtte for landbruket over kapittel 1149, post 75. Løyvinga gjeld for eit år og det er difor avgjerande at tilsagn om desse midlane vert gitt i 2018. I Innst. 8 S. (2017-2018) er det lagt til grunn at støtta skal innrettast slik at den nyttast til produksjonar som har produksjonsmoglegheiter i den norske marknaden. Dette gjeld særskilt frukt- og grøntnæringa, kornproduksjon og storfeproduksjon. Mjølkeprodusentar som sel kvote og legg om til annan produksjon med større marknadsmoglegheiter skal prioriterast. Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket skal leggest til grunn for forvaltninga av midlane.

Fordelingsnøkkelen for IBU-midla er lagt til grunn i fordelinga av desse midlane;

Fylke	Mill. kroner
Østfold	2,85
Akershus	2,53
Hedmark	5,30
Oppland	6,12
Buskerud	3,38
Vestfold	2,26
Telemark	2,79
Aust-Agder	2,08
Vest-Agder	2,43
Rogaland	6,00
Hordaland	4,53
Sogn og Fjordane	6,00
Møre og Romsdal	5,52
Trøndelag	11,73
Nordland	5,36
Troms	3,62
Finnmark	2,50
SUM	75,00

Utviklingsprogrammet - landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

Det er løyvd til saman 110,7 mill. kroner til Utviklingsprogrammet for 2017. 8,2 mill. kroner er løyvd over reindriftsavtala, kapittel 1151 post 51 til den reindriftsbaserte delen av programmet. Midlane over jordbruksavtala er løyvd over kapittel 1150, post 50. Programmet skal utviklast i tråd med føringane gitt i fjorårets jordbruksoppgjær og i Reindriftsavtalen 2016/2017, samt styringsgruppa sine signal. IN er sekretariat for styringsgruppa til Utviklingsprogrammet.

IN bør prioritere hovudtyngda av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

Reiselivsstrategien *Opplevingar for ein kvar smak- strategi for reisliv basert på landbruket og reindriftas ressursar* løfter fram dei moglegheitene næringa har for å utvikle reiselivstilbod og opplevingar og vektlegg mellom anna koplinga mellom mat og reiseliv. Verkemidla i Utviklingsprogrammet og innretninga av desse står sentralt i oppfølginga av strategien og arbeidet med mellom anna Matnasjonen Noreg og å utvikle unike opplevingar.

Det er gjort fleire evalueringar av ordningane innanfor utviklingsprogrammet dei siste åra. Dei har i stort synt at ordningane bidreg i tråd med målsettingane i programmet.

LMD ber IN om å sikre at Utviklingsprogrammet gjerast kjent og blir marknadsført på ein måte som sikrar pågang av relevante og gode prosjektsøknader frå alle sektorane som er dekkja av programmet. Her må m.a. formidling av resultat frå avslutta prosjekt, både til næringa og relevante aktørar, stå sentralt.

Det vert lagt til grunn at IN framleis har ein aktiv innsats og god tilrettelegging ovanfor reinkjøttkundane, samt stor merksemd på å få fram potensialet på reinområdet gjennom utviklingsprogrammet og resten av IN sitt verkemiddelapparat. Det tidlegare reinprogrammet si innretning og satsingsområde skal vidareførast innanfor det utvida Utviklingsprogrammet. Når det gjeld forvaltning, syner vi til at reindrifta er ei urfolksnæring som er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng, der kulturelementet er sentralt. Reindrifta har heilårs beitedrift. Desse tilhøva stiller særskilde krav til individuell oppfølging, samt at det blir lagt opp til bedriftsbesøk. For å sikre best mogleg effekt av midla frå reindrifftsavtala, er det også sentralt at programmet blir sett i samband og koordinert med aktivitetar over Reindriftens utviklingsfond (RUF) og Sametinget sine ordningar, samt at ein har god kontakt med Markedsutvalget for reinsdyrkjøtt. Samarbeidet med Mattilsynet, Matmerk og dei regionale partnerskapa må vidareførast.

Den norske standen på Internationale Grüne Woche (IGW) er den viktigaste markeringa av norsk mat og reiseliv i utlandet som LMD er involvert i. IGW er ein viktig arena og møteplass for å etablere nettverk mellom næringslivsaktørar og for å bidra til forsterka regionalt samarbeid på mat- og reiselivsområdet. IN har det operative ansvaret for prosjektet i tett dialog med departementet.

Matstreif er ein viktig nasjonal arena for å synleggjere mangfaldet av norsk lokalmat. IN har det operative ansvaret for gjennomføring av matfestivalen. LMD ber IN om å involvere andre sentrale aktørar i verdikjeda for matproduksjon i planlegging og gjennomføring av arrangementet. Prosjektet skal organiserast med ei referansegruppe.

Innanfor Utviklingsprogrammet er det etablert ei tilskotsordning til kompetansetiltak og regionale kompetansenav. Ordninga blir forvalta av IN som òg har ansvar for nasjonal koordinering og styring av dei fem kompetansenava Nofima (Øst-Norge, Sør-Norge), Sogn jord- og hagebruksskule (Vest-Norge), Mære Landbruksskule (Midt-Norge), NIBIO (Nord-Norge)).

Lån til landbruksføremål innanfor lågrisikolåneordninga (kapittel 2421 NFD)

IN kan som tidlegare gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga over NFD sitt budsjett. Det er viktig at IN i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

5. ADMINISTRATIVE FELLESFØRINGAR

Departementet viser til dei administrative fellesføringane i oppdragsbrev for 2018 frå NFD, irekna føresetnader og krav samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering.

6. DEPARTEMENTSSPESIFIKKE ADMINISTRATIVE FØRINGAR

Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekkja av løyvinga over NFD sitt budsjett kap. 2421, post 70. For ordningar som IN forvaltar for LMD skal administrasjons- og gjennomføringskostnadane spesifiserast på kvart program/ordning. Rapport for administrasjons- og gjennomføringskostnader skal vere klar til kvart halvårsmøte mellom LMD og IN.

Det er gjort ein gjennomgang av administrasjons- og gjennomføringskostnadane for 2018 med bakgrunn i vurderingar frå IN. Departementet er nøgd med at IN no har gjort tydeleg greie for unytta rammer frå tidlegare år. Vi gjer merksame på at det må takast utgangspunkt i statsbudsjettet sitt anslag for lønns- og prisvekst i vurderinga. Denne er anslått til 2,6 pst., og ligg slik 0,4 pst. lågare enn IN sitt anslag på 3 pst. LMD legg opp til at alle unytta rammer frå tidlegare år skal bidra til å finansiere administrasjons- og gjennomføringskostnader for 2018. Unytta rammer frå før 2017 på kapittel 1150, utanom avtalte investeringskostnader for digitaliseringsprosjektet, skal leggest til IBU-ordninga og inngå i finansieringa av ramma for 2018. Rammene for administrasjons- og gjennomføringskostnader for dei einskilde ordningane er ei maksimalramme. Om vesentlege endringar i oppgaveportefølja i løpet av året skulle føre til risiko for at ramma blir overstige, ber vi om at IN tek kontakt med departementet.

Administrasjons- og gjennomføringskostnader for 2018 går fram av tabellen under.

Ordningar og oppdrag	Adm.- og gjennomføringskostnader mill. kroner	Finansiert frå udisponert ramme 2017	Finansiert frå ramme 2018
IBU-ordninga	49,50	6,89	42,61
Utviklingsprogrammet ¹⁾	12,20	1,70	10,50
VSP fornybar energi	5,50	1,00	4,50
Bioraffineringsprogrammet	0,31	0,00	0,31
LMDs del av kundeeffektund.	0,66	0,00	0,66
Sum alle oppdrag	68,17	9,59	58,58

1) Av dette skal 1,7 mill. kroner dekkast over reindriftsavtala si ramme for 2018.

Når det gjeld dekking av departementet sin del av kundeeffektundersøkinga, ber vi om at utgifta blir trekt frå ramma til dei ulike programma, høvesvis 420 000 kroner frå IBU-ordninga, 120 000 kroner frå Utviklingsprogrammet, og 120 000 kroner frå Bioenergiprogrammet.

Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til IGW og Matstreif skal trekkjast frå løyvinga til Utviklingsprogrammet for vekst og verdiskaping, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over prosjektkostnadane til desse to prosjekta skal godkjennast av LMD etter innspel frå styringsgruppa.

Samarbeid regionalt og regionalt og lokalt nærvær

Regionalt næringsprogram, som blir utarbeidd i samarbeid mellom fylkesmennene, fylkeskommunane, IN sine distriktskontor og næringsorganisasjonane i landbruket, skal bidra til målretting av den regionale innsatsen for næringsutvikling i landbruket. Det er viktig at IN er godt involvert i arbeidet i regionalt partnerskap. Det må etablerast ein god dialog om landbruksoppdraget som kan sikre forankring, prioritering og kopling av verkemidlar og aktørar for å løfte landbruks- og matområdet regionalt og lokalt. Arbeidet må ta høgde for at fylkesmennene i 2018 går inn i ein fase der ein førebur ny fylkesmannsstruktur, Nord- og Sør-Trøndelag frå 1.1.2018 og elles frå 1.1.2019. Samstundes startar eit toårig forsøk frå 1.1.2018, der Trøndelag fylkeskommune overtek ansvaret for regionalt næringsprogram som i dag ligg hos fylkesmannen.

Distriktskontora må ha tilstrekkelig kunnskap og kompetanse innanfor landbruksoppdraget, slik at dei kan bidra aktivt til å mobilisere ressursar og utløyse vekstpotensialet regionalt. Som kompetanseorgan innan næringsutvikling, er det forventast at IN også støttar kommunane i deira rolle som fyrstelinje for næringsutvikling.

Overføring av midlar og rekneskapsføring av fond

Landbruksdirektoratet har det administrative hovudansvaret for Landbrukets utviklingsfond (LUF), jf. St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). For ordningar under LUF som blir forvalta av IN, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 gonger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning blir utbetalt separat frå resten av ramma til ordninga. IN utbetalar og fører rekneskap for tilskot/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. IN må vidareføre kontakta med Landbruksdirektoratet når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Innlemming av Tapsfond BU risikolån landbruk i balansen til LUF frå 2018

I samband med Riksrevisjonen sin revisjon av fond 2015, blei det kartlagt at to fond som forvaltast av IN, Tilskuddsfond LUF ordningene og Tapsfond BU risikolån landbruk, er fond i tilknytning til LUF. Riksrevisjonen peikte på at fonda skal handsamast som to sjølvstendige fond og at det skal førast sjølvstendige rekneskap for dei to fonda slik regelverket tilseier. LMD, direktoratet og IN hatt dialog om saka for å betre forvaltninga av dei to fonda. Vi syner

til brev frå LMD av 21.12.16 og 3.4.2017 i samband med dette. I brev til LMD av 10. 3. 2017 har Landbruksdirektoratet tilrådd at Tapsfond BU risikolån landbruk blir tatt inn i balansen til LUF i staden for å vere eit sjølvstendig fond. Målet er å få betre oversikt, redusere ressursbruken og unngå tap av renteinntekter, ettersom tapsfondet i dag står på ein ikkje renteberande konto i Norges Bank. Med bakgrunn i dette har LMD bestemt at Tapsfond BU risikolån landbruk frå 2018 blir tatt inn i balansen til LUF, og vil slik opphøyre som eit eige fond under IN. Likeeins signal er gitt i tildelingsbrev til Landbruksdirektoratet for 2018. Direktoratet er bedt om å ta kontakt med IN for å følgje opp dette.

Når det gjeld løyvingar frå RUF, skal det også leggest opp til periodisk overføring av midlar frå Landbruksdirektoratet til IN (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsanmodning frå IN.

Når det gjeld kapittel 1137, post 71, samtykkjer Stortinget jf. Innst. 12 S (2017-2018) i at LMD i 2018 kan gje tilsegn om tilskot utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 5,8 mill. kroner.

Rapportering

Det skal rapporterast på bruken av midlane i tråd med rapporteringskalender frå NFD. For bruken av IBU-midlane skal det som tidlegare år sendast ein eigen rapport frå IN sine distriktkontor innan 1.2.2019. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot regionalt næringsprogram. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

Styringsmøte

Det vil bli lagt opp til to halvårsmøter i tillegg til kontaktmøter mellom LMD og IN i 2018.

Med helsing

Anne Marie Glosli (e.f.)
ekspedisjonssjef

Kristin Orlund
Avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi til:

Fylkesmannen – alle
Fylkeskommunen- alle
Nærings- og fiskeridepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Riksrevisjonen
KS
Norges Bondelag
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
NORSKOG
Norges Skogeierforbund